



Elvekanten til Elin og Geir Enes kan vera eit føredøme for korleis vi vil ha det i Uskedalen.

**Rosen denne veka går til dei som ryddar og pyntar med blomar i sentrum og elles i bygda. Det skal ikkje så mykje til. Ei krukke med planter og at det er fjelga rundt husa, er ofte nok. I dag vil vi særleg ta fram arbeidet til Elin og Geir Enes som slår graset langs elvekanten og dekorerer fint med blomar.**

Før har vi skrive om Sella og Alf Hjørnevåg som saman med kommunen har ansvaret for blomebeddet ved busslomma. Kvinnherad Vekstbedrift har rydd og orden på sitt område. Det same gjeld i båthamna, i Myro, ved SPAR og Auto 88 og rundt Gamleskulen. Uteområde til Gros Blomster tek seg framifrå ut.

Vi har merka oss dei to blomekrukkene i Hauglandskryssen. Det gjer eit godt inntrykk og har positiv effekt på omdøme i Uskedalen. Så er det sjølv sagt ikkje alt som er like bra. Rot og ikkje slege gras på eigedomar langs fylkesvegen er det som er mest synleg. Vi tenkjer ofte at vi ha ei framside og ei bakside. Men for mange i sentrum er det to framsider og alt er like iaugefallande.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal